

► Reguleringsføresegner for Dommersnes industriområde i Vindafjord kommune, PlanID-202308

Datert: 23.01.2025



Figur 1 Illustrasjon av mogleg prosjekt ved full utbygging av fase 3 sett frå Sætrafjellet i Vikebygd.

J02	2025-01-23	til bruk	ps0	krhst	ps0
J01	2024-11-28	Til bruk	KrHSt	AnsSa	AnsSa
Versjon	Dato	Omtale	Utarbeidd	Fagkontrollert	Godkjent

Dette dokumentet er utarbeidd av Norconsult som del av det oppdraget som dokumentet omhandlar. Opphavsretten tilhøyrer Norconsult. Dokumentet må berre nyttast til det formål som går fram i oppdragsavtalen, og må ikkje kopierast eller gjerast tilgjengeleg på annan måte eller i større utstrekning enn formålet tilseier.

1 FØREMÅLET MED PLANEN

Føremålet med planarbeidet er å legge til rette for eit større nærings- og hamneområde til sjø gjennom utnytting og ombruk av eksisterande industriområde. Primært er utviklinga knytt til offshore vind og etableringa av havvind i Nordsjøen. Planen omfattar også areal på sjøbotn (vertikalnivå 4) og på sjøen. Som følgje av behovet for industriareal (fase 3), blir det også lagt til rette for flytting av fylkesvegen i ein heilt ny trase aust for industriområdet.

1.1 *Området blir regulert til følgjande formål i vertikalnivå 2 (på grunnen/vannoverflate):*

1.1.1 § 12-5. Nr. 1 Bygningar og anlegg

- Fritidsbusetnad – frittliggjande BFF (1121) (eksisterande)
- Næringsbygningar BN (1300)
- Industri BI (1340)
- Energianlegg BE (1510)
- Kombinert formål industri og samferdsel (1900)

1.1.2 § 12-5. Nr. 1 Samferdselsanlegg og teknisk infrastruktur

- Køyreveg SKV (2011)
- Fortau SF (2012)
- Gang-/sykkelveg SGS (2015)
- Gangveg/gangareal/gågate SGG (2016)
- Annan veggrunn -teknisk anlegg SVT (2018)
- Annan veggrunn grøntareal SVG (2019)
- Haldeplass/plattform SH (2025)
- Leskur/plattformtak SP (2026)
- Kai SK (2041)

1.1.3 §12-5. Nr. 3 – Grøntstruktur

- Friområde GF (3040)
- Vegetasjonsskjerm GV (3060)

1.1.4 §12-5. Nr. 5 – Landbruks-, natur- og friluftsmål og reindrift

- LNFR areal for nødvendige tiltak for landbruk og reindrift og gardstilknytt næringsverksemd basert på ressursgrunnlaget på garden L (5100)

1.1.5 §12-5. Nr. 6 – Bruk og vern av sjø og vassdrag, med tilhøyrande strandsone

- Ferdsel VFE (6100)
- Riggområde VRO (6130)

1.1.6 §12-6 - Omsynssoner

- Frisikt (H140)
- Høgspenningsanlegg (inkl. høgspenkablar) (H370)

1.1.7 §12-7 - Føresegnområder

- Vilkår for bruk av areal, bygningar og anlegg (#1)
- Mellombels bygge- og anleggsområde M#

1.2 Området blir regulert til følgjande formål i vertikalnivå 4 (på sjøbotnen):

1.2.1 §12-5. Nr. 6 – Bruk og vern av sjø og vassdrag, med tilhøyrande strandsone

2 KOMBINERTE FORMÅL I SJØ OG VASSDRAG MED ELLER UTAN TILHØYRANDE STRANDSONE VKA (6800)

FELLES FØRESEGNER FOR HEILE PLANOMRÅDET

2.1 Søknad i samsvar med minerallova (§12-7 nr. 2)

I samband med høyring av planforslaget, skal det avklarast om uttak av massar i medhald av planen kan gjennomførast utan konsesjon, eller om tiltaket er konsesjonspliktig.

2.2 Søknad i samsvar med forureiningslova (§12-7 nr. 2)

2.2.1 Alle tiltak i sjø er søknadspliktige etter forureiningslova og forureiningsforskrifta, og skal godkjennast av Statsforvaltaren.

2.2.2 Det må søkast om løyve til utslepp av spillvatn. Vindafjord kommune er utsleppsmyndigheit for anlegg som fell inn under forureiningsforskriften kapittel 13.

2.2.3 Arbeid som kan føra med seg forureining til grunn eller vatn/sjø, må søkast om i samsvar med forureiningslova og forureiningsforskriftas kapittel 22 og 30.

2.3 Søknad i samsvar med hamne- og farvasslova (§12-7 nr. 2)

2.3.1 Tiltak som fell inn under hamne- og farvasslova sine føresegner skal godkjennast av hamnemynde.

2.3.2 Våtlagring av havvindfundament må omsøkast etter hamne- og farvasslova. Viser til rapport KYST-N01- Hamneforhold, tryggleik og framkommelegheit

2.4 Naturmangfald (§12-7 nr. 2 og 3)

All verksemd innanfor planområdet skal ta omsyn til naturverdiar i og rundt planområdet, i samsvar med den generelle aktsemdplikta i naturmangfaldlova av 2009 § 6 og i samsvar med plan for ytre miljø, jf. pkt.

2.5 Støy (§12-7 nr. 3)

2.5.1 Anleggsfase:

Støy frå bygge- og anleggsarbeid skal handterast i samsvar med T-1442/2021 kap. 6. Masseuttak i randsona av planområdet nærast naboar skal koordinerast og avtalast. Driving av masseuttaket skal planleggast slik at ein får ein skjermende uttakskant mellom naboar og maskiner i masseuttaket. Spesielt støyande arbeid som boring og knusing kan berre gjerast i dagperioden (kl. 7 - 19) og kl. 7 – 16 laurdag. Ein kan ikkje utføre støyande anleggsarbeid i nattperioden (kl. 23 – 07).

2.5.2 Driftsfase:

Verksemder innanfor planområdet skal til ei kvar tid oppfylle krav til støy frå industri med heilkontinuerleg drift i T-1442/2021 tabell 2. Innan eitt år etter industriområdet er sett i drift skal det gjennomførast støymålingar ved næraste naboar for eit representativt driftsdøgn for å sikre at gjeldande krav i T-1442 vert innfridd.

2.5.3 Undervasstøy:

For å ivareta omsyn til undervasstøy for sårbar kysttorsk skal anleggsarbeid i sjø avgrensast til 12 timars arbeidsdag og ikkje føregå på nattid.

2.6 Belysning (§12-7 nr. 3)

2.6.1 Innanfor industriområdet og kaiarealet skal det etablerast belysning som er retningsstyrt mot land og bakken for å unngå forstyrning av omgjevnadene, inklusive fisk i sjøen. I den grad det er mogleg, skal belysninga vera behovsstyrt i forhold til tidsrommet den er på og kva slags intensitet som er naudsynt for tryggleiken.

2.6.2 Vegbelysning skal starte der ein har overgang frå Hø1-veg til Hø2-veg , ca. 40 meter sør for kryss med o_SKV 4 og fortsetje nordover til ein møter på eksisterande vegbelysning. Kravet trer i kraft når o_SGS1 og o_SGS2 er opparbeidd.

2.7 Teknisk plan (§ 12-7 nr. 3)

2.7.1 Før løyve om igangsetting kan gis, skal det lagast teknisk plan for handtering av vatn, avlaup og overvatn på industriområdet. Plan for overvatn må sikre at potensielt forureina vatn blir skild frå reint vatn. Teknisk plan skal lagast for kvar av utbyggingstrinna og må også omhandle eventuelle vegar som skal etablerast/ombyggast. Teknisk plan skal godkjennast av kommunen.

2.8 Vassmiljø

2.8.1 For å ivareta omsyn til sårbare periodar for kysttorsk skal anleggsarbeid i sjø leggast til periodar utanom gyteperioden (februar - mai).

2.9 Ytre miljø

2.9.1 Plan for ytre miljø eller miljøoppfølgingsplan (§ 12-7 nr. 3) skal sikra at føringar og krav for å oppnå miljøkvalitet blir ivaretatt på ein systematisk måte i anleggsfasen og i vidare drift av anlegga. Planen skal følgast opp av tiltakshavar og vegeigar i både anleggsfase og driftsfase. Planen skal vere utarbeida ved innsending av byggesak for tiltaka. Element og tiltak lista opp i planskilddinga *kapittel 7.3.4. Innspel til ytre miljøplan* skal vere med i miljøoppfølgingsplanen, men lista er ikkje uttømmende. Saman med bygge- og anleggstiltak for område BI1 skal det sendast inn plan for ytre miljø. Dersom plan for ytre miljø ikkje omfattar tiltak for BI2, må plan være forelagt og godkjend før bygge- og anleggstiltak innanfor BI2 kan igangsettast.

Plan for ytre miljø skal vedtakast i politisk utval i kommunen (DUK). Planen skal òg visa tiltaka for å hindra støvspreiing.

2.9.2 Før oppstart av anleggsfasen skal det utarbeidast eit miljøovervakingsprogram for anleggsarbeidet. Programmet skal vere utarbeida ved innsending av byggesak for tiltaka. Aktuelle element og tiltak lista opp i planskilddringa *kapittel 7.3.4. Innspel til ytre miljøplan* skal vere med i miljøoppfølgingsplanen.

2.9.3 Krav om avgrensing av anleggsarbeid med utfylling i sjø i gyteperioden. Frå 1. februar til 30. mai er det ikkje tillatt med sprengings-, muddrings- eller utfyllingsarbeid i sjø, av omsyn til gyteområde for torsk. Detaljerte krav skal fastsetjast i samsvar med forureiningslova og hamne- og farvannslova etter søknad til ansvarlege myndigheiter og i plan for ytre miljø.

2.10 **Handtering av massar**

Det skal utarbeidast ein massedisponeringsplan for industriområdet. Mellomlagring og uttak av massar er tillate inntil alle areala er bygde ut. Planen skal ha som utgangspunkt at massar er ein ressurs som skal sikrast ei god samfunnsteneleg utnytting. **Mellom anna skal delar av overskytande massar etter utfylling i sjø i fase 2 og/eller fase 3 stillast gratis til rådvelde for bruk på utbetring av fylkesvegen og opparbeiding av resterande sykkel- og gangsti i Vikebygd sentrum.**

Matjorda skal nyttast på nærliggande jordbruksareal av lågare kvalitet slik at desse blir oppgradert til fulldyrka eller overflatedyrka og/eller til nydyrking.

Plan for handtering av massar, inkludert matjord, skal sendast inn og godkjennast saman med byggesøknad. Planen skal sikre at jordressursane blir ivaretatt på best mogleg måte og så langt som råd utan mellomlagring. Dersom mellomlagring ikkje kan unngåast, må dei ulike sjakta lagrast kvar for seg for å ta vare på jorda sine eigenskapar. Krav om bruk av stadeigne massar. Fyllinga skal etablerast med størst mogeleg grad av bruk av lokale massar frå regulert industriområde og veganlegg. Massane som tilførast planområdet skal kontrollerast slik at ikkje framande artar tilførast.

Planen for massehandtering skal vere berekraftig og basere seg på ressurspyramiden sine prinsipp i følgjande rekkefølge: reduksjon, gjenbruk, materialgjenvinning, utfylling og til sist avfallsdeponi.

Ved flytting av massar skal det tas nødvendige omsyn for å hindre spreiding av framande artar og/eller plantesmitte som kan gjere skade.

2.11 **Byggegrense mot sjø**

Byggegrensa mot sjø går fram av plankartet. Der den ikkje er synleg, ligg den samanfallande med ytre formålsgrensa for kai og industriformål.

2.12 **Universell utforming**

Ved utforming av bygningar og uteområde skal det takast omsyn til prinsippa om universell utforming i høve plan- og bygningslova og byggteknisk forskrift.

3 BYGNINGAR OG ANLEGG (§12-5 NR. 1)

3.1 Fritidsbusetnad – frittliggjande BFF 1 (1121)

- 3.1.1 Området omfattar eksisterande fritidsbustader og det er ikkje tillate med oppføring av nye einingar innanfor området.
- 3.1.2 Planen vil ikkje vere til hinder for bruk og vedlikehald av eksisterande lovlege fritidsbustadar, naust og uthus.
- 3.1.3 Byggegrense er lagt i vegglivet til oppførte fritidsbustader, uthus og naust.
- 3.1.4 Ved naturskade/brann kan fritidsbustader inklusive uthus og garasjar førast opp i maks ein etasje innanfor byggegrense vist i plankartet.
- 3.1.5 Ved naturskade/brann skal fritidsbustadane førast opp innanfor byggegrense av etablert bygning. Fritidsbustadene skal utformast med karakter, stiluttrykk og fargebruk som passar til omgjevnadane. Materialval og fargeval skal tilpassast det naturpreg som er på staden.
- 3.1.6 Ved naturskade/brann kan naust førast opp med maks BYA 40 m² innanfor byggegrense, i ein etasje med maks mønehøgde på frontveggen mot sjø på 5,5 meter og maks gesimshøgde på frontveggen på 3,5 meter. Naust skal ha saltak. Det er tillate med maks to vinduer som til saman ikkje overstig 1 m². Golvflate i naust skal plasserast minimum på kote 1,5 m. Innretningar (t.d. straum) som ikkje vil tole vassinntrenging skal monterast på minimum kote 2,1.
- 3.1.7 Ved naturskade/brann skal naust førast opp innanfor byggegrense av etablert bygning. Naust skal tilpassast lokal byggeskikk og førast opp som tradisjonelle naust. Byggemateriale skal vere tre eller stein. Taktekke skal vere takstein (av ikkje reflekterande materiale) eller skifer. Fargebruk skal variere, men vere tilpassa omgivnader og heilskap i naustområde. Fasade mot sjø skal ha sidehengsla tett naustdør.
- 3.1.8 Naust skal ikkje byggast slik at det stenger for allmenn ferdsel mellom naust og sjø. Det skal leggst til rette for allmenn ferdsel i strandsona. Stengsel som kan hindre persontilgang til naustområde og brygger, er ikkje tillate. Dette gjeld grunder, gjerde, skilt m.m.
- 3.1.9 Areal utanfor og mellom nausta skal utformast slik at allmenta har tilgang til områda. Naust skal berre nyttast til oppbevaring av mindre båtar og utstyr for bruk av sjøen i rekreasjonssamanheng.

3.2 Næringsbygningar BN1 (1300)

- 3.2.1 Innanfor området er det tillate etablert kontor- og administrasjonsbygg, parkering og brakkeriggar tilknytt drifta på industriområdet. Ved etablering av brakkeriggar for overnatting, skal etableres areal for uteopphold med 3 m² pr. overnattingsplass, men ikkje et mindre areal enn 150m². Arealet skal være eigna til sitting og mindre aktiviteter som boule, badminton og liknande.
- 3.2.2 Området skal planerast mellom kote 15 m.o.h. og kote 20 m.o.h (NN2000). Høgde ved tilkomst blir fastsett ved prosjektering av kryssutforming.
- 3.2.3 Bebygd areal skal vere minimum 15% BYA og skal ikkje overstige 70% BYA. Bygningar skal ha maks. høgde 9,5 meter over planert terreng.
- 3.2.4 Tal parkeringsplassar skal tilpassast tal arbeidsplasser tilknytt industriområdet.

3.3 **Industriområde BI (1340)**

- 3.3.1 Innanfor områda er det tillatt med industriell aktivitet som anten er direkte tilknytt sjøen eller som har sjøvegen som ei viktig transportåre, og det kan oppførast bygg og anlegg som skal brukast til industriformål. Byggegrense er vist i formålsgrensen mot vest. **Decom av større objekt er ikkje tillate. Dette vil krevja endring av reguleringsplan og ny konsekvensvurdering.**
- 3.3.2 Før område BI2 opparbeidast, tillatast det vidareføring og utviding av eksisterande bygg-og anlegg, brakkeriggar med tilhøyrande anlegg som støttefunksjon til BI1.
- 3.3.3 Områda kan planerast ned til kote 3 moh. Der overvassdrenering krev internt fall til sluk, kan terrenget likevel vera noko lågare enn kote 3 moh.
- 3.3.4 Saman med søknad om planering av område BI2 skal det sendast inn eit klimarekneskap som viser at heile verdikjeda til havvind fører til ein stor innsparing knytt til **CO₂e**. Skal vere godkjent før vedtak.
- 3.3.5 Bebygd areal skal ikkje overstige 90% BYA. Utnyttingsgraden gjeld for begge områda BI1 og BI2 samla sett.
- 3.3.6 Faste bygningar skal ha maks. høgde opp til kote 30 moh. Andre einskilde installasjonar som til dømes kranar og midlertidige element som til dømes naceller med vindmølleblad kan vera vesentleg høgare, og opp til kote 300 moh.
- 3.3.7 Det er tillate med utelagring av store element som ikkje er naturlege å lagrast innandørs. Mindre element skal fortrinnsvis lagrast innandørs.
- 3.3.8 Innanfor området kan det etablerast nettstasjon. Plassering må avtalast med Fagne.
- 3.3.9 Innanfor område skal det etablerast slamavskiljar og leidningar. Rapport RIVA-01_J01_Rammeplan VAO - Dommersnes industri viser føreslått plassering
- 3.3.10 Det er tillate oppført bygningar heilt inn til formålsgrense i vest, så lenge føresegnene under er ivaretekt.
- 3.3.11 Byggverk som plasserast minimum 15 meter frå kaikant/kystlinje vil vera sikra mot stormflo frå bølger. Dette føresett at det er tilstrekkelig drenering/fall rundt bygget slik at vatn ikkje kan magasinerast mot bygget.
- 3.3.12 Ved plassering av bygningar nærmare enn 15 meter frå kaikant/kystlinje må bygningane anten dimensjonast for å tola belastningane under stormflo, eller sikrast mot flaum. Sikring mot flaum kan gjennomførast ved å føra erosjonssikringa opp til kote +3,9 (NN2000). einer stormflo.

3.4 **Energianlegg BE (1510)**

- 3.4.1 Innanfor området er det tillatt oppført nettstasjon, også innanfor byggjegrænse mot vegane. Bygningen skal ikkje vera til hinder for friskt.

3.5 **Kombinert formål industri og samferdsel BAA (1900)**

- 3.5.1 Områda skal nyttast til opparbeiding av skjering mellom industriareala (BI1 og BI2) og omliggande areal, men kan også nyttast til industriformål og samferdsel med tilhøyrande føresegner.
- 3.5.2 Breidde og utforming på skjeringane må detaljprosjekterast.
- 3.5.3 Det må gjennomførast ein geoteknisk vurdering i samband med detaljprosjektering av skjeringa.
- 3.5.4 Der det blir etablert pallar i skjeringa skal jordvolumet på pallane byggast opp for å runde av formen. For å unngå at massane skli ut skal det ikkje vera fall på pallane på meir enn 1:3.

Pallane skal revegeterast. Det skal i dei tilfella plantast nye vekster på 50% av arealet og det skal leggst til rette for at resterande areal blir revegetert av artar som er i området frå før. Det skal nyttast stadstilpassa tre, buskar og klatreplanter.

3.5.5 Topp av skjering skal sikrast med gjerde.

4 SAMFERDSELSANLEGG OG TEKNISK INFRASTRUKTUR (§12-5 NR. 2)

4.1 Køyreveg SKV (2011)

4.1.1 Køyrevegane skal opparbeidast med utforming og dimensjon som vist på plankartet. Vegar merka med «o_SKV» er offentleg veg, vegar merka med «f_SKV» er felles veg og vegar merka med «SKV» er private vegar.

4.1.2 I nord ved plangrensa kan o_SKV1 avvike frå plankartet for å mogleggjere god overgang mellom o_SKV1 og eksisterande fylkesveg. Punkt 4.1.2 fell frå når krav om opparbeidelse av o_SGS1 og o_SGS2 trer i kraft, sjå også punkt 4.3.2.

4.2 Fortau SF (2012)

4.2.1 Fortau skal opparbeidast som del av haldeplassane. Fortaua skal vere offentlege og skal utformast i samsvar med vegnormalane.

4.3 Gang-/sykkelveg SGS (2015)

4.3.1 Gang-/sykkelveg skal vere offentlege og skal utformast i samsvar med vegnormalane.

4.3.2 Det er ikkje krav om å opparbeide o_SGS1 og o_SGS2 før plan for gjennomgåande gang-/sykkelveg nordover til eksisterande gang-/sykkelveg føreligg. I mellomtida kan nemnde føremål nyttast til å sørge for god overgang mellom o_SKV1 og eksisterande fylkesveg ved plangrensa.

4.4 Gangveg/gangareal/gågate SGG (2016)

4.4.1 Gangvegane skal opparbeidast som del av gangadkomst til holdeplassane og lokale målpunkt. Gangvegane skal vere offentlege og utformast i henhold til plankart. Prinsippa for universell utforming skal leggst til grunn.

4.5 Annan veggrunn -teknisk anlegg SVT (2018)

4.5.1 Areal er offentlege og skal opparbeidast med nødvendige tekniske installasjonar og trafikkreguleringar i samsvar med vegnormalane.

4.6 Annan veggrunn grøntareal SVG (2019)

4.6.1 Områda er sideareal for etablering av grøntanlegg og rabattar knytt til veganlegget. Frå plankartet kjem det fram om områdene er offentlege (o_SVG) eller private (SVG).

4.6.2 Innanfor områda er det tillate å settopp offentlege trafikkskilt, rekkverk, gjerde, rabattar, skrånings-/skjeringsutslag, opne grøfter langs veg, mellombels rigg- og anleggsområde under vegbygginga, samt andre tekniske installasjonar og liknande.

- 4.6.3 I nord ved plangrensa kan formåla SVG avvike frå plankartet for å mogleggjere god overgang mellom o_SKV1 og eksisterande fylkesveg. Punkt 4.1.2 fell frå når krav om opparbeidelse av o_SGS1 og o_SGS2 trer i kraft, sjå også punkt 4.3.2.

4.7 Haldeplass/plattform SH (2025)

- 4.7.1 Områda er satt av som haldeplass for buss og plasserast som vist i plankartet. Detaljutforming skal samsvara med vegnormalane. o_SH1 og o_SH2 skal utformast som busslomme, medan o_SH3 og o_SH4 skal vere kantstopp. Areala skal vere offentleg.
- 4.7.2 Detaljteikningar av busslommor skal godkjennast av fylkeskommunen som vegeigar før bygging.
- 4.7.3 I påvente av endeleg opparbeidelse av o_SGS1 og o_SGS2 kan o_SH3 og o_SH4 ha mellombelse plasseringar ikkje lenger enn hendsvis 100 m frå angitt plassering av o_SH3 og o_SH4 i plankartet. Plasseringa må mogleggjere trygg kryssing av vegen for gåande med sikt til kryssingspunkt tilsvarande krav for tilrettelagd kryssing i handbok N100.

4.8 Leskur/plattformtak SP (2026)

- 4.8.1 Innanfor områda er det tillate oppført leskur tilknytt haldeplassane.

4.9 Kai SK1 (2041)

- 4.9.1 Innanfor området skal det etablerast kaifront. Byggegrense for tiltak ligger i formålsgrense mot sjøareal i vest, slik at tiltaket kan gjennomførast.

5 GRØNTSTRUKTUR (§12-5 NR. 3)

5.1 Friområde GF (3040)

- 5.1.1 Arealet er tilknytt friområdet ved Skjeljavika. Føresegner knytt til gjeldande plan for arealet (plan-ID 1160_2000-119) gjeld for området.

5.2 Vegetasjonsskjerm GV (3060)

- 5.2.1 Innanfor områda skal det etablerast ein vegetasjonsskjerm. Vegetasjonsskjermen skal vere tett beplanta for å skjerma tilstøtande område for visuell påverknad av industriarealet.
- 5.2.2 Ny vegetasjon skal tilpassast eksisterande vegetasjon i området og fordelast på følgjande sjikt:
- Tresjikt høgde over 5 meter
 - Busksjikt høgde 0,8 – 5 meter
 - Feltsjikt mindre enn 0,8 meter

6 LANDBRUKS-, NATUR- OG FRILUFTSFORMÅL OG REINDRIFT (§12-5 NR. 5)

6.1 LNFR areal for nødvendige tiltak for landbruk og reindrift og gardstilknytt næringsverksemd basert på ressursgrunnlaget på garden L (5100)

- 6.1.1 Areala L1-L12 er tilknytt eksisterande landbruk.
- 6.1.2 Arealet L13 skal nyttast som mogleg restaureringsareal for kystlynghei.

7 BRUK OG VERN AV SJØ OG VASSDRAG MED TILHØYRANDE STRANDSONE (§12-5 NR. 6)

7.1 *Ferdelsområde a_VFE (6100)*

- 7.1.1 Innanfor området er det ikkje tillate med tiltak eller aktivitet som kan vere til hinder for båt- eller skipstrafikk eller som påverkast negativt av slik aktivitet. Det er ikkje tillate med fortøyingar eller faste installasjonar til forankring av fartøy på overflata eller i vannsøyla som kan hindre ferdsel i området.

7.2 *Riggområde a_VRO (6130)*

- 7.2.1 Innanfor området er det tillate med våtlagring og anna aktivitet som er direkte knytt til den industrielle aktiviteten på land.

7.3 *Kombinert formål i sjø og vassdrag VKA1 (6800) (vertikalnivå 4: på sjøbotn)*

- 7.3.1 Området skal nyttast til fylling for etablering av kai (SK1) og industriareal (BI1). Byggegrensa mot sjø ligg på formålsgrænse mot sjø/vest, slik at tiltak kan gjennomførast.

8 FØRESEGNAR TIL OMSYNSSONER (§12-6)

8.1 *Sikringssone – Frisikt (H140)*

- 8.1.1 Innanfor områda H140 skal det ikkje vera sikthindringar, som gjerde, murar og vegetasjon høgare enn 0,5 m over vegnivå. Enkelttre, skilt, lysstolpar mv. kan tillatast plassert innanfor frisiktssona i samsvar med Statens vegvesens vegnormal N100.

8.2 *Faresone – høgspenningsanlegg (inkl. høgspenningskablar) (H370)*

- 8.2.1 Områda er faresone for høgspent luftlinje. Alle inngrep, både permanente og mellombelse, skal meldast til eigar av høgspentlinja. Faresona er sett til 8,0 m på kvar side av trasémidte.
- 8.2.2 Faresonen fell bort når eksisterande høgspentlinje rivest og vert erstatta med høgspentlinje i alternativ trasé eller jordkabel.

9 12-7 – FØRESEGNOMRÅDE

9.1 *Vilkår for bruk av areal, bygningar og anlegg (#1)*

- 9.1.1 o_SKV1 med tilhøyrande sideanlegg o_SVG (grøfter, skjeringar/skråningsutslag, vegutstyr mv.) kan etablerast innanfor området avsett med #1 i plankartet. Endeleg val av trasé innanfor #1 detaljerast i detaljteikningar, og skal godkjennast av vegmynda.
- 9.1.2 Når endeleg trasé innanfor #1 er ferdigstilt, skal #1 opphøyre og plankartet oppdaterast med riktig plassering av dei endra føremåla innanfor #1.

9.2 Mellombels bygge- og anleggsområde #M

- 9.2.1 Føresegnsområda #M, merka med stipla, vertikal skravur på plankartet, er areal for mellombels bygge- og anleggsområde for gjennomføring av veganlegget.
- 9.2.2 Områda skal vere sett i stand, og i størst mogleg grad tilbakeført seinast eitt år etter at nytt veganlegg er opna for trafikk. Då vert områda oppheva og føresegner for berørte formål/arealplanar gjeld vidare.
- 9.2.3 Områda skal tilbakeførast til naturtilstand og etablerast med jorddekke med stadeigen vegetasjon.

10 12-7, NR. 10 – REKKEFØLGEKRAV

Område BI2 tillatast opparbeidd, men ikkje tatt i bruk før ny fylkesveg o_SKV1 med tilhøyrande sideanlegg o_SVG (grøfter, skjeringar/skråningsutslag, vegutstyr mv.) er etablert etter godkjenning av tekniske plan og avklaring av ansvarsforhold (byggherreansvar) med vegeigar Rogaland fylkeskommune.

11 DOKUMENT SOM FÅR JURIDISK VERKNAD GJENNOM TILVISING I FØRESEGNENE

- KYST-N01-Vurdering av havneforhold, sikkerhet og fremkommelighet i farvannet
- RIVA-01_J01_Rammeplan VAO - Dommersnes industri

Vindafjord kommune, 23.01.2025

Tillegg etter vedtak i formannskapet 04.02.2025 påført med raud skrift